



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1902 - 18/16427

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
07.08.2018

## Høyringsbrev - GBNR 5/193, Fløksand - Søknad om dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanen sin arealdel for bruksendring av hytte til heilårsbustad


### Saka gjeld:

Det blir vist til søknad frå Siri Bysheim om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel –LNF-område, jf plan- og bygningslova § 19-2, for bruksendring av eigedom frå fritidsbustad til heilårsbustad på Fløksand, gbnr 5/193.

### Planstatus:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF- område. Gjennom tabell 9.2 i føresegna til kommuneplanen er eigedomen gitt status som LNF-spreidd fritidsbustad. Bruk av eigedomen til heilårsbustad er i strid med dette arealføremålet og krev dispensasjon.

### Utsnitt av KPA:




### Utsnitt av Markslagskart, AR5:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden blir det vist til denne i sin heilheit.

Nabovarsling:

Naboane er varsla og det er ikkje kome merknader.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden blir først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det blir søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det blir dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, blir sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Kommunen har normalt ei streng praksis for bruksendring av fritidsbustader gjennom dispensasjon, men det er einiske saker etter konkret vurdering gjort unntak i område som har endra karakter og bruksnytte som område for fritidsbustader. Dette vil bli nærare vurdert gjennom søknadsbehandlinga og kan ikkje oppfattast som noko anna enn eit utgangspunkt for kommunen sin vurdering av saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

GBNR 5/193 Fløksand - Søknad om dispensasjon - bruksendring frå fritidsbustad til bustad

**Kopi til:**

Siri Gro Bysheim

Fløksand 52

5918

FREKHAUG

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7310  
Postboks 7900

5020  
5020

BERGEN  
BERGEN